

## Notat – interkommunalt samarbeid

Som kjent enda kommunereforma med at Sande kommune vart ståande som ufrivillig åleine. Denne statusen fekk Sande kommune etter følgande vedtak i kommunestyre:

- 1. Sande kommunestyre viser til resultat av gjennomført folkerøysting i høve intensjonsavtalen mellom Herøy og Sande og seier nei til samanslåing med berre Herøy basert på intensjonsavtalen dat. 8.12.2016.*
- 2. Sande kommune sitt vedtak i kommunestyresak 60/16 pkt 1 om å gå inn for ei storkommune på Ytre Søre Sunnmøre i lag med Vanylven, Herøy, Ulstein og Hareid står ved lag.*

Kommunane Ulstein og Vanylven fekk same status, medan kommunane Herøy og Hareid fekk status som frivillig åleine.

Holdninga til Sande kommune gjennom reformarbeidet var å tenke stort og breidt, og med Ytre Søre Sunnmøre som eitt minimum (altså 5-ar alternativet). Dette alternativet ville då kunne svare på reforma sine utfordringar om gode og likeverdige tenester, ei samordna samfunnsutvikling, meir robust økonomi, samt styrking av lokaldemokratiet, osv.

Sande kommune har over tid – og er i dag - involvert i mange interkommunale samarbeid. På politisk nivå har kanskje samarbeidet vorte noko endra som følgje av at Søre Sunnmøre Regionråd vart avvikla og kommunane på søre gikk inn i Sunnmøre Regionråd. På administrativt nivå er imidlertid fagsamarbeidet gjennom 7-stjerna fortsatt godt på dei fleste fagområda. Døme på dette i «nyare» tid kan eks vere:

- SSR IKS, der 4 kommunar arbeider i lag med renovasjonstenester, og der nye tenestetilbod no nylig er etablert gjennom nye mottaksstasjonar.
- SSIKT, der 7 kommunar arbeider i lag innan IKT-området – der kommunane no er i startfasa av ei omfattande digitalisering innan alle tenesteområda.
- Kart, der 7 kommunar arbeider i lag om karttenester gjennom fellesportalen Sunnmorskart – der nyaste tilskotet innan dette området er marine grunnkart.
- Kystsoneplan, der 5 kommunar arbeider i lag om felles kystsoneplan som grunnlag for å ta i bruk vårt «havrom».
- Legevakt, 7 kommunar arbeider i lag om eit felles legevaktprosjekt som følgje av nye regelkrav.

I tillegg så foregår det regelmessig utvekslingar gjennom dei etablerte fagnettverka innan både oppvekst, helse/omsorg, tekniske, mm

### Status i arbeidet mellom Vanylven, Herøy og Sande.

Der er etablert seks faggrupper/arbeidsgrupper som arbeider innan ulike fagområder/tenesteområder. I to av desse (Barnevern og NAV) er Sande med i hht mandat. I dei andre gruppene er Sande med som observatørar.

Status pr i dag i nemnde grupper er slik:

Barneverntenesta:

- Mandat ligg føre

- Arbeidsgruppa har starta opp
- Resultat/Rapport skal ligge føre innan utgangen av mars.

NAV:

- Mandat ligg føre
- Arbeidsgruppa har starta opp
- Resultat/Rapport skal ligge føre innan utgangen av mars.

Sande kommune deltek som observatørar i følgande arbeidsgrupper:

- Økonomi/personal/løn
- Dokument/service
- Plan/bygg/geodata (teknisk sektor)
- Brann

Alle 4 gruppene har pr dd hatt arbeidsmøter og er med det aktivisert. Også her skal det ligge føre resultat/rapport innan utgangen av mars.

Arbeidet nemnt over er styrt av ei styringsgruppe og forankra i eit politisk utval.

I styringsgruppa er Sande representert med rådmann, HVO og HTV.

I det politiske utvalet er Sande representert med ordfører Dag Vaagen (H), varaordfører Helge Støylen (TPL), og formannskapsmedlem Arnljot Muren (Ap).

Det er planlagt ei samling for styringsgruppe og politisk utval måndag 05. februar kl 1300.

Andre moment:

Ulstein kommunestyre har nyleg gjort vedtak om å utgreie saman med dei andre kommunane i 7-stjerna om det finnes fleire tenester dei kan samarbeide om for å skape større fagmiljø og hente økonomiske gevinstar. Døme på slike tenester kan vere landbruksforvaltning, sentralbord, arealplanlegging, kart og oppmåling, byggesak, drift av grøntanlegg, drift av VAR-områda osv. Dette vedtaket er altså langt på veg samanfallande med det arbeidet som Herøy, Vanylven og Sande no har starta opp med.

**Framover:**

Det arbeidet som no pågår i Vanylven, Herøy og Sande skal som nemnt ende i eit resultat/rapport innan utgangen av mars.

Når det gjeld vedtaket i Ulstein kommune så er dette eit vedtak som kom som eit «verbalt» framlegg i samband med budsjettsaka. Det kan derfor vere grunn til å tru at operasjonaliseringa av vedtaket vil kunne ligg litt fram i tid.

Uavhengig av dette må Sande kommune vidareføre sitt omstillingsarbeid som følgje av forpliktande plan og ROBEK-status.

Sande kommune må også framover arbeide interkommunalt for å løyse mange oppgåver. Det er likevel viktig å ikkje undervurdere viktigheita av at vi sjølve som kommune kan definere både strategiar, nivå, prioriteringar, mm. Ikkje minst er dette viktig for å oppnå eit bærekraftig tenestetilbod, men det er også viktig i eit samfunnsperspektiv.

Larsnes 19.januar 2018  
Oddbjørn Indregård